

# UTLAND

Leder: TROND OLAV SKRUNES tlf. 55 21 45 23  
e-post: utland@bt.no



**VAL I NEDERLAND //** Geert Wilders vil forby koranen og stenge alle moskear. Sjølv for sine eigne veljarar kan mannen med politikkens bleikaste hår bli for ekstrem.

## På Wilders' heimebane

**MIDTPUNKTET:** Geert Wilders starta Partiet for fridom (PVV) i 2006. Han er framleis einaste medlem. I tillegg til at årsmøta dermed går raskt unna, betyr det og at Wilders har tilnærma all makt i partiet.

### I NEDERLAND



ØYVIND LEFDAL EIDSVIK  
øyvind.lefdaleidsvik@bt.no  
Journalist i BT

Bjørns store son har gitt euroopeisk populisme både ansikt og frisyre.

Onsdag er det val i Nederland, og ostehandlar Frans van Lin i Venlo har bestemt seg.

Det blir bysbarnet Geert Wilders.

– Vi er jo stolte av han, seier van Lin framfor hyllene med vellukkande ost.

#### Den beste provinsen

Venlo og resten av provinsen Limburg, heilt sør i landet, er Wilders og hans einmannsparti

PVVs beste kort. Her har dei gjort det best både ved sist parlamentsval, sist provinsval og sist EU-val.

PVV, Partiet for fridom, er venta å bli størst eller nest størst i det nederlandske parlamentet. Å bli størst ville tradisjonelt bety deltaking i regjeringskoalisjonen. Dei andre partia har til no avvist samarbeid med PVV etter valet.

Wilders er blitt meir kontroversiell med åra. Etter kvart som andre parti har kome etter i hans retning, har Wilders gått lenger. Det ei side lange programmet er spekka av kontroversar i et land med ry for toleranse: Forby koranen, lukke moskear, stenge grensene for alle frå muslimske land, trekke tilbake alle opphaldsløyve for asyl, og, ikkje minst, melde Nederland ut av EU.

– Altså, dei farraste er vel 100 prosent einige med Wilders. Eg er kanskje 50, seier van Lin.

Men ostehandlaren i Venlo seier han har gode grunnar for å stemme på Wilders: Han gir folket det dei vil ha. Der andre politikarar er som ein «boling afrikanske bøflar», er Wilders unik.

– Han jobbar hardt for sine synspunkt. Kanskje er berre ti prosent av det han seier realistisk. Men det er betre enn kva dei andre klarer.

#### Nedover på målingane

Nøyaktig kor store PVV blir, er usikker. Etter å ha vore suverent størst på meiningsmålingane, har partietapt terrenget dei siste månudane. Dei siste to vekene har dei vore mindre enn hovudkonkurrenten, borgarlege VVD.

Nico Baakman, førsteanamanusis ved Universitetet i Maastricht, også i Limburg, átarar mot å tru at Wilders ikkje kan kome først.

Ein ting er den naturlege skepsisen til meiningsmålingar

etter Brexit og Trump, meiner han.

– Mange Wilders-veljarar har ikkje brukt å stemme. For nokre dagar sidan viste ei måling at 70 prosent av veljarane ikkje hadde bestemt seg. Gudane må vite kor dei ender opp, seier Baakman.

850.000 førstegangsveljarar kan delta i år, og PVV gjer det godt blant Nederlands unge. Biletet er det same i Frankrike, der Marine Le Pen og Front National gjer det best blant dei yngste.

I tillegg har ein spørsmål om demonstrasjonar og maktbruk i Rotterdam laurdag, etter Nederlands utvising av ein tyrkisk minister, vil slå ut i valet. Både Wilders' PVV og statsminister Mark Ruttes VVD kan vinne på hendinga.

#### Vest-aust-konflikten

I Norge snakkar vi om aust-vest-konflikt. I Nederland er det vest-aust.



Kanskje er berre ti prosent av det han seier realistisk. Men det er betre enn kva dei andre klarer.

Frans van Lin, ostehandlar